

Skiftar namn til Vi Venene

27.10.2013

Det nystifta Vårt Turlag, som laurdag hadde fest i Helgheim, har i helga skifta namn til Vi Venene og definerar seg no som ei privat venegruppe.

Dei har dermed ikkje medlemmer, men vener og alle som er med på arrangementa deira gjer det på eige ansvar.

Det kjem ikkje til å vera turleiarar på arrangementa, men bestevener som lagar til og har orden på kva som skal skje..Der det vert naudsynt å dela på kostnadane kallast dei ikkje turavgift, men spleiseavgift.

I meldinga om saka strekar bestevennene Magnhild Haugland og Anita Enæs under at dei som er med er 'fjase. og tullevener'.

Facebooksida deira er framleis ei privat side og dei som vil vera med må godkjennast av dei to bestevennene.

Av Ola Matti Mathisen